
DAGSTURHYTTE I TOKKE


Enkel vurdering av to alternative bygg

September 2026


ALTERNATIV A: SKOGSHUSVERE, HØYDALSMO




PLAN 1:50 A3



SNITT 1:50 A3





ALTERNATIV A: SKOGSHUSVERE, HØYDALSMO

Bygget må flyttast, og noko rehabilitering er naudsynt. Den lafta delen av bygget ser ut til å vere i relativt god forfatning. Stenderverksdelen av bygget kan måtte få ny berande konstruksjon, men kan i så fall kledast utvendig med eksisterande kledning for å ta vare på bygget sitt opphavlege uttrykk.

Storleiken på bygget er optimal for dagsturhyttefunksjon, og bygget har ingen vernestatus, noko som gjer eventuelle justeringar av fasaden moglege. Bygget står i dag i eit lite skogholt i enden av parkeringsplassen ved Høydalsmo kyrkje. Trass i nærleiken til kyrkja blir bygget ikkje vurdert å vere ein del av ein verneverdig bygningsmessig kontekst. Bygget er heller ikkje i bruk, og det er difor enklare å forsvare ei flytting til ein ny lokasjon.

Samla sett blir bygget vurdert som godt eigna til formålet.












ALTERNATIV B: KYRKJESTOVA, SKAFSÅ



PLAN 1:50 A3



SNITT 1:50 A3





ALTERNATIV B: KYKJESTOVA, SKAFSÅ

Bygget må flyttast, og noko rehabilitering er naudsynt. I tråd med utført tilstandsrapport blir bygget vurdert til å vere i god forfatning. Bygget er lafta og eignar seg difor godt for flytting.

Storleiken på bygget er ei potensiell utfordring. Optimal storleik for dagsturhyttefunksjonen er rundt 25–30 m², medan dette bygget måler over 50 m². Det er ikkje umiddelbart klart korleis ein på ein god måte kan utnytte eit så stort bygg innanfor dagsturhyttefunksjonen, slik prosjektkonseptet er lagt opp med møblering og tilhøyrande funksjonar. Stor takhøgde og stort areal vil gjere at hovudrommet vil ta lengre tid å varme opp vinterstid.

Bygget står i dag i ein bygningsmessig kontekst, og flytting av bygget kan difor vere meir problematisk.

Trass i at bygget er i relativt god stand, blir det vurdert som mindre eigna ut frå føringane som ligg til grunn for Dagsturhytte Telemark-prosjektet. Det bør likevel undersøkast om bygget kan få ny bruk gjennom andre typar prosjekt og aktuelle støtteordningar.







